



Årsmøteprotokoll 2024 - Hareid sokn

Årsmøtet vart halden på kyrkjelydshuset laurdag 13. april 2024, kl 1615-1815, i etterkant av SUPERLAURDAG kl 13.00 med målgruppe småbarnsfamiliar, samling, grautsal og leik. Kl 1500 var det kafe med sal av lynlodd, ansiktsmaling, før årsmøtet starta, med følgande program:

(Kl 16.00 Sal av lynlodd og kafemat for dei som kjem til festen)

Kl 16.15 Kyrkjelydsfest med Årsmøte Hareid sokn:

- Opning og song v/Grimstadkoret
- Velkomst v/sokneprest Lars Hartig-Tangedal
- Allsong: «Han er oppstanden, Halleluja!»
- Song v/ Hareid Barnekantori
- **Årsmelding del 1 v/ leiar og kyrkjeverje**
- Song og musikk ved Ingmar/Vibeke/Hege og Ida
- **Årsmelding del 2 v/leiar og kyrkjeverje**
- Takk og blomsterutdeling til avtroppande babysong, småbarnsong, pensjon Eli-Sølvi Jønsson + gåve til soknerådsleiar Stein 70 år.
- Trekning lynlodd
- Helsing v/prost Ingeborg Matre
- Song v/Grimstadkoret
- Velsigning v/sokneprest Lars Hartig-Tangedal

Blitt ein tradisjon å halde årsmøte i samband med anna arrangement på kyrkjelydshuset, til inntekt for kyrkjelydshuset. Totalt 115 personar tok del på årsmøtet, men i forkant på SUPERLAURDAG frå kl 13 v/Ulrike Hartig-Tangedal, var det også mange andre som tok del. Her var det mykje aktivitetar med samling, song, aktivitetar, tombola og grautsal. Eindel barnefamiliane tok og del på kafe og ansiktsmaling før dei forlot før årsmøtet starta, naturleg nok for då hadde dei vore der nokre timar. Soknerådet sin oppgåve i dag var å rydde salen etterpå og ta oppvasken på kjøkkenet. Staben organiserte med mat til kafeen, musikkinnslaga og logistikken i høve kyrkjelydsfesten.

Årsmøtet:

Grimstadkoret fekk ha første innslag på festen kl 16.15 med å synge to songar, før sokneprest Lars Hartig-Tangedal heldt opning. So hadde vi ein allsong på storskjerm som Ida Teige spela til, før Hareid barnekantori song tre songar for oss, stødig leia av Sissel Anita Riise og Ida Teige på flygelet.

Soknerådsleiar, Stein B. Karstensen, ønskja so velkomen til årsmøtet. Soknerådsleiar og kyrkjeverja presenterte årsmeldinga vekselvis, og takka frivillige og stab for innsatsen gjennom året. Soknerådsleiar presenterte forenkla førebels rekneskap 2023, budsjett 2024 . Kyrkjeverja orienterte om oppgraderingar som er gjort på kyrkjelydshuset i 2023 og om givartenesta. Vi treng fleire faste gjevarar, pr no er det 26 faste gjevarar. Givarteneste-brosjyre lå på borda i salen og folk blei oppmoda om å ta med brosjyre.

Underholdningsbolk midtveis i presentasjonen av årsmeldinga med song v/Ingmar Mork, Vibeke og Hege Holstad og Ida Teige på flygel. Takk og enkel blomsterutdeling til avtroppande babysong og småbarnsong. Også ein takk til Eli-Sølvi Jønsson som er slutta i staben og blitt pensjonist. Soknerådsleiar Stein B. Karstensen fekk ei gåve då han nyleg runda 70 år. Ei rask trekning av vinnarane lynlodd, før prost Ingeborg Matre hadde ei helsing til kyrkjelyden i Hareid. Ho var imponert og takksam over arbeidet som gjerast på Hareid. Grimstadkoret avslutta med ein song, før sokneprest Lars Hartig-Tangedal gav oss velsigning før folk drog heim. Ferdig kl 18.15.

Desse sakene vart handsama på årsmøtet:

- 1 **Konstituering av årsmøtet**
- 2 **Årsmelding 2023 for Hareid sokn (lå utdelt på borda)**
- 3 **Førebels rekneskap 2023 og budsjett 2024 (inkl. i årsmeldinga)**
- 4 **Orienteringar frå året som var gått**

1 Konstituering av årsmøtet

Innkalling til årsmøtet vart annonsert i Vikebladet, på nettsida, på Kyrkjesida i lokalavisa og sosiale media i forkant av møtet. Årsmeldinga har vore utprinta og tilgjengeleg i kyrkja, på kyrkjekontoret, kyrkjelydshuset og på nettsidene til Hareid sokn sidan den var godkjent av soknerådet 02.04.2024, sak SR 10/24.

Vedtak:

Stein B. Karstensen, soknerådsleiar, vart vald til ordstyrar.

Bente Andreassen Pilskog, kyrkjeverje, vart vald til referent.

Til å underskrive årsmøteprotokollen vart Karsten Robert Kirkebø og Sissel Anita Riise valt.

2 Årsmelding 2023 for Hareid sokn

Årsmeldinga vart gjennomgått av soknerådsleiar Stein. B. Karstensen og kyrkjeverje Bente Andreassen Pilskog.

Vedtak:

Årsmeldinga 2023 for Hareid sokn vart teken til vitande.

3 Førebels rekneskap 2023 og budsjett 2024

Rekneskapa var ikkje ferdig og revidert frå den kommunale rekneskapsfører og revisor. Difor vart førebels rekneskap forenkla presentert av soknerådsleiar. Kopi av rekneskap og budsjett var med i årsmelding som lå på borda.

Vedtak:

Førebels rekneskap og budsjett vart teken til vitande.

4 Orienteringar

Soknerådsleiar og kyrkjeverje fortale om ulike hendingar gjennom 2023, som og sto presentert i årsmeldinga. Kyrkjeverja orienterte om oppgraderingane som er gjort på kyrkjelydshuset i 2023 og kva draumane vidare er, og at vi treng fleire faste gjevarar til huset.

Vedtak:

Orienteringane vart teken til vitande.

Hareid 16.04.2024

Bente Andreassen Pilskog

kyrkjeverje

referent

Sissel Anita Riise

Karsten Robert Kirkebø